
Vår referanse 2020/56359-1
Dato 16.06.2020

«MOTTAKERNAVN»
«ADRESSE»
«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet. Oversending av kommunedelplan for politisk handsaming

Vestland fylkeskommune sender med dette over kommunedelplan for fv. 49 Tunnel forbi Tokagjelet til politisk handsaming i Kvam herad og Samnanger kommune. Kommunedelplanen er utarbeidd for å danne grunnlag for framtidig trasé for å sikre fv. 49 forbi Tokagjelet mot skred.

Vi tilrår at alternativ B1 Kletten - E3 Eikedalen vert vedteke som framtidig trasé for fv. 49 forbi Tokagjelet. Alternativ B1 Kletten - E1 Kleven er og eit mogleg og litt rimelegare alternativ, men gir ikkje same måloppnåing.

Utkast til kommunedelplanen var lagt ut til høyring i perioden 7. oktober - 23. november 2019. Fristen for å komme med merknader vart forlenga til 19. januar 2020. Det kom inn 31 merknader til planen. Eit resymé av merknadene og vår vurdering av desse er gitt i planomtalen. I planomtalen går det og fram kva vurderingar og endringar som er gjort etter høyringsperioden.

Tilrådd alternativ er kostnadsrekna til å ligge innanfor kostnadsspennet 1,9 - 3,1 mrd. kr, med 25% usikkerheit. Vestland fylkeskommune vil arbeide vidare med ein finansieringsplan for prosjektet i dialog med Kvam herad og Samnanger kommune. Dette arbeidet vil vere ein del av fylkeskommunen sitt arbeid med Regional transportplan 2022-2033, der prosjektet blir vurdert opp mot andre prioriterte skredsikringsprosjekt i Vestland fylke.

Vedlagt følgjer planomtale, føresegner, retningslinjer og plankart for kvar av kommunane. Dokumenta finn de og på prosjektet si nettside:

<https://www.vestlandfylke.no/fylkesveg/vegprosjekt-i-vestland/fv.-49tokagjelet/>

Med helsing

Dina Lefdal
fylkesdirektør

John Martin Jacobsen
seksjonssjef

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Mottakarliste

Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSUN D
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE